

Takk for eit spanande føredrag, biskop Ragnhild. Mitt namn er altså Jens Kihl og eg er kulturredaktør i Bergens Tidende, med ansvar for kultur, byliv og debatt.

Det er sikkert mange her som har høyrte meg prate før, og som veit at talemålet mitt er frå tjukkaste Oslo. Men no som vi har ein biskop her i Bjørgvin som er ei drusteleg og framifrå målkvinne, er vel det einaste rette å halde resten av min kommentar på vårt felles språk.

—

Ragnhild Jepsen snakka både om verdiar som er viktige for henne og kyrkja, og om tilstanden Bjørgvin bispedøme er i i dag. Eigentleg var vi vel vitne til noko som ligg midt mellom ei preike og ei årsmelding – himmel og jord i skjønne foreining.

Eg vil ta tak i noko av det Bjørgvin-bispen tok opp når det kjem til verdiar, og freiste gje nokre perspektiv på korleis desse verdiane syner att i kyrkjedrifta i vårt område. Eg deler fullt ut biskopens syn om at kyrkja har ei viktig samfunnsrolle å spele. Vågar kyrkja å fult ut ta den rolla i dag? Der er eg meir usikker. Det trur eg eigentleg mange av dykk òg er, om eg skulle våge å tippe.

Så til saka.

Heilt frå kristenretten vart innført for tusen – og eitt – år sidan, har prinsippet vore at ein ikkje berre kan innføre rettar som høver for den som har makt nok til å lage slike reglar, men at Gud hadde skipa det slik at reglane òg måtte gje vern til svakare grupper i samfunnet.

“Ved innføring av Kristenretten fekk det svakaste livet også eit vern. Rettar grunngjeve i menneskeverdet vart sett om kvart einskild menneske, uavhengig av kjønn, ætt eller stand”, sa Ragnhild i stad.

Ho snakka òg om dei fire guddomelege systre: Miskunn, sanning, rettferd og fred. Ho våga til og med å velje seg miskunn som si

favoritt-syster! Slikt er alltid litt farleg, det veit vi som kjem frå store syskenflokkar.

Miskunn, sanning, rettferd og fred.

Det er store ord! Men dette er vel den plassen i heile samfunnet der vi best toler å høyre dei verkeleg store orda svinge seg opp langs søylene og heilt opp under kvelvingane over oss. Og kanskje endå vidare oppover?

Det blir sagt at kyrkja jobbar for noko som er *større* enn oss sjølve. Det trengst i ei tid der idealet gjerne er at mennesket skal jobbe for noko som er *mindre* enn oss sjølve. Det er som om vi alle har fått det rispet i auget som Peer Gynt får tilbod om av Dovegrubben: “Stygt vil bli pent, og stort vil bli lite.”

Alle i dette rommet veit kva som er bøkenes bok. Men ho er trass alt ikkje den einaste boka her i verda, og ei anna populær bok som finst, er «Jungelboka» av Rudyard Kipling. I den lærer vi om jungelens lov, altså den sterkastes rett. Denne retten blir både brukt og utfordra. Tigeren Shere Khan er redd for at den vesle menneskeungen Mowgli kan ta frå han stillinga som den sterkaste i jungelen, fordi Mowgli har kunnskapar som kan overgå rå muskelkraft. Eg skal ikkje røpe korleis det går, men mitt tips er at dei som har lese 1. Samuelsbok frå kapittel 16 og utover, har ei viss aning. Der står det noko om ein David og ein Goliat.

For kven er eigentleg den sterkaste? Akkurat det spørsmålet dukkar opp i hovudet mitt når eg høyrer om såkalla sterke og svake grupper i samfunnet. Åleinemora frå Kyiv som har fått med seg ungane til Vestlandet og no etablerer eit nytt liv for familien her – er ho svak? Menneska som har overlevd masse mordet i Gaza i gjennom halvtanna år – er dei svake? Ungar som lever med tiltak frå barnevernet etter å ha gjennomlevd ein oppvekst fylt av det ungar ikkje skal oppleve – er dei svake?

Vi forstår alle saman svaret på desse spørsmåla. Men la no likevel «svak» i dette innlegget bli forstått ikkje som nokon som er svake i seg sjølv, men nokon som møter overmakt eller ei sterkare kraft.

I alle fall. Den sterkastes rett er jungelens lov, forstått som det ville, utemma, kaotiske og omskiftelege livet djupt inne i den bengalske naturen. Kva er då menneskas lov? Slik eg ser det, må svaret vere den svakastes rett. Denne retten har kyrkja feira og løfta fram gjennom heile fjoråret. Det viser krafta i dette vernet: Den står seg gjennom år, tiår, hundreår og tusenår.

Eit raskt blick på vår eiga kyrkjehistorie viser likevel kor vanskeleg eit slikt vern er å tolke inn i samtid og kvardag.

Erik Pontoppidan vart i 1745 biskop her i byen. Han er kjent for mykje, mellom anna for å stø den dansk-norske slavehandelen med kristen argumentasjon. Det var betre at afrikanarane vart ufrie, men frelste, når alternativet var at dei vart verande ufrie heidningar. For han var dette basert på bibelsk nestekjærleik. Det er fullt mogleg å forstå denne argumentasjonen som eit forsvar for den svakastes rett. Det ville vere ei redning for menneske i Afrika å bli omvende. Dette var omsorg i praksis.

I dag tenkjer vi ikkje slik. Vi ser i staden slavehandelen som eit grelt uttrykk for jungelens lov, der dei som var sterkast kunne gjere andre ufrie. Dette er historie kyrkja òg må ta med seg når ho skal vurdere si eiga stilling, status og posisjon i møte mellom sterke og svake.

Det interessante parakokset her er at mange av desse menneska bokstaveleg talt levde under jungelens lov – i jungelen – der dei kom frå eit liv i Vest-Afrika. For dei blei livet dårlegare av å leve under menneskas lov, i alle fall slik ho blei tolka av maktpersonar på seint 1700-tal.

Vi må berre gå ut frå at også vi i dag handsamar medmenneske i beste meining, men at våre etterkomarar vil sjå at vi gjorde feil. Denne konklusjonen kan gje otte og uro. Men den kan òg gjere oss nyfikne på dei rundt oss. Korleis blir våre ord og handlingar oppfatta? Kor kan vi

gjere rett i morgon det vi gjorde feil i går? Om vi trur på det gode i mennesket, må vi jo tru at vi stadig kan bli betre mot kvarandre.

I talen sin var biskopen innom opninga av Korskirken rett her borte. Det er eit flott bygg, og menneska som er i og rundt det, er minst like flotte. Kvar einaste ein. For sjølv ikkje det vakraste kyrkjebygg kan måle seg det det vakre våre medmenneske representerer. Det er vårt ansvar å vise dette i praksis.

“Det er ei rausheit i Bergen som gjev seg uttrykk i at ei av dei eldste og største kyrkjene i byen skal brukast på denne måten”, sa biskopen, og eg kjende ein byrgskap vekse i meg då ho sa det. Ikkje berre fordi fordi eg etter snart sju år i denne byen har blitt ein skikkeleg bergenspatriot. Ei heller fordi eg ser ein kraftig veksande bergenspatriotisme i den framleis ganske ferske bjørgvinbiskopen. Denne byen har ein sterk verknad på oss tilflyttarar!

Nei, fordi det er sant og godt sagt. Sjølvsagt skal vi dele det finaste vi har med dei som treng det mest. Ein slik moral meiner eg å ha lese i ei bok som nok mange av dykk har bladd i. De veit, den boka som manglar forfattarnamn på omslaget.

Halldis Moren Vesaas skreiv det så presist:

Det heiter ikkje: eg – no lenger.

Heretter heiter det: vi.

Eig du lykka så er ho ikkje lenger berre di.

Alt det som bror din kan ta imot av lykka di, må du gi.

Alt du kan løfte av børa til bror din, må du ta på deg.

Det er mange ikring deg som frys, ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Hender finn hender, herd stør herd,

barm slår varmt imot barm.
Det hjelper da litt, nokre få forfrosne
at du er varm!

Arbeidet Kirkens bymisjon gjer for menneske som er avhengige av rus, er for meg det sterkaste dømet på ei kyrkje som legg prinsippet om den svakastes rett til grunn.

Eit anna, og kanskje meir tilfeldig, døme fann eg då eg var på Litteraturhuset i går kveld. Nede på herretoalet stod det ein liten bunke kort med ordet "Hjelp" på. På baksida stod det "Treng du nokon å fortelje det til?" Det var eit kort frå Kirkens SOS. Eg såg for meg misforståtte poetar og refuserte forfattarar som endeleg kunne få nokon som ville lytte. Meir alvorleg – dette er endå eit viktig tiltak i ei tid der mange kan føle seg svake, og der idealet diverre er å jobbe for noko som er mindre enn seg sjølv.

Denne favorittsystema til biskopen, kven er ho? Sjølv etter snart førti år på denne jorda har eg liksom ikkje heilt fått tak på "miskunn". For meg er ho framleis mystisk, mykje meir mystisk enn dei tre andre, sanning, rettferd og fred. Dei tre er så absolutte: Vi veit når noko er sant, når noko er rettferdig eller når det er fred. Men korleis gjenkjenner vi sann miskunn? Jammen om eg veit. Vi kan sjå henne i eit blaff i menneskemylderet, eller kanskje passere henne på gata. Og når vi snur oss for å sjå éin gong til, er ho borte. Miskunn – ho går sine eigne vegar.

Eg veit i alle fall dette: Det er ikkje for mykje miskunn som pregar det samfunnet vi lever i i dag. Eg lovar å seie frå når det er nok miskunn! Inntil vidare trur eg det finst ei sterk og viktig samfunnsrolle å ta her. Den institusjonen som vågar å gje miskunn til alle i våre samfunn, vil vere viktig i minst tusen – og eitt – år til.

Takk for meg.